



Forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7 for Bykle kommune, Aust-Agder

Fastsett av Statens landbruksforvaltning 3. juli 2012 med heimel i lov 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon for erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv. § 7 første ledd, jf. delegeringsvedtak av 28. november 2003 nr. 1401 jf. forskrift av 8. desember 2003 nr. 1479 § 6.

I

Konsesjonsfridomen etter konsesjonslova § 4 første ledd nr. 4 vert sett ut av kraft for følgjande område i Bykle kommune:

1. Bykle sentrum stadfesta reguleringsplan av 27. april 1995:
 - a. Øvre Sarv bustadfelt godkjent 10. februar 1977 nemnt A14 og A15
 - b. Nedre Sarv bustadfelt (godkjent reguleringsplan) nemnt A9 og A10
 - c. Bjårlii bustadfelt (omfattar også Myri og Kyrkjelii) godkjent 7. mars 1984 nemnt A4, A5, A6 og A7.
 - d. Bykle sentrum godkjent 20. mai 1997, nemnt A13
 - e. Kviforbakkane bustadfelt godkjent 7. oktober 1980 nemnt A16
 - f. Tussefjødd bustadfelt godkjent 19. april 2010
2. Hovden sentrum stadfesta reguleringsplan av 10. september 1997 for Hovden del II:
 - a. Stussli I bustadfelt (godkjent reguleringsplan) nemnt A2
 - b. Stussli II bustadfelt (godkjent reguleringsplan) nemnt A2
 - c. Stussli II utviding godkjent 15. juni 1989 nemnt A2
 - d. Austmannlii bustadfelt godkjent 27. oktober 1994 nemnt A1
 - e. Kvennebekken bustadfelt godkjent 26. august 2002 nemnt A9
 - f. Røyrvikåsen bustadfelt godkjent 6. september 1999 nemnt A3

for:

- Bebyggelse eige som er eller har vore i bruk som heilårsbustad
- Eige med bebyggelse som ikkje er teke i bruk som heilårsbustad, herunder eige med bebyggelse under oppføring, i områder som i reguleringsplan etter plan- og bygningslova er regulert til bustadføremål.

II

Denne forskrifta trer i kraft straks. Frå same dato vert forskrift av 14. mai 2004 nr. 770 etter konsesjonslova § 7 om nedsett konsesjonsgrense for Bykle kommune, Aust-Agder oppheva.